

Reguleringsplan for:

## Kjevikdalen Næringsområde

PlanID:  
**1263-07022006**

Del av:  
gnr 175 Bnr 1 og  
gnr 176 bnr 1, 2, 3, 4, 5, 6 og 26  
i Lindås kommune

Oppdragsgjevar:

Ragnvald Valle  
5912 Seim


Planarbeid er utført av:

ADU as  
Postboks 75  
5952 Fonnes

Tlf 56168080  
Heimeside: [www.adu.no](http://www.adu.no)

## 1. SAMANDRAG

Denne reguleringsplanen "Kjevikdalen Næringsområde" har vore gjennom 1. og 2. gongs handsaming i Lindås kommune. Etter dette vart den stansa av tiltakshavar (satt på HOLD) etter råd frå kommunen. Dette knytt til at planen ikkje var i samsvar med overordna plan ( gjeldande kommuneplan i 2006) og at fylkesmannen då hadde motsegn pga. dette.



Ny kommuneplan for Lindås kommune vart vedtatt 22.09.2011. Planforslaget slik det var utforma i 2006, då det vart stansa, er i dag i samsvar med overordna plan. I kommuneplanen har ein også utvida næringsområde med tanke på framtidig utviding ( sjå figur 1).

Forslag til reguleringsplan, slik den no ligg føre og vert sendt inn, er derfor i samsvar med gjeldande kommuneplan .

### *a) Same planforslag i ny drakt*

Planforslaget som no vert sendt inn for vidare handsaming, er i prinsipp det same planforslaget som vart stansa etter 2. gongs handsaming. Dokumenta er i hovudsak berre omforma og forsøkt tilpassa slik ein byggjer opp plandokument i dag.

Innanfor planområdet er det satt av areal til næring, industri/lager og idrettsanlegg ( eksisterande skytebane og nytt motorsporstanlegg)

*Figur 1 - Utklipp fra kommuneplanen og plangrense (kraftig svart strek)*

## 2. INNHALD

1.	Samandrag .....	2
2.	Innhald .....	3
3.	Bakgrunn .....	5
3.1.	<i>Føremål med planen</i> .....	5
3.2.	<i>Forslagstillar, plankonsulent, eigarforhold</i> .....	5
3.3.	<i>Tidlegare vedtak i saken</i> .....	5
3.4.	<i>Utbyggingsavtaler</i> .....	5
3.5.	<i>Krav om konsekvensutgreiing</i> .....	5
4.	Planprosess .....	6
4.1.	<i>Medverknad i prosessen, varsel om oppstart, ev. planprogram</i> .....	6
5.	Planstatus og rammevilkår .....	7
5.1.	<i>Overordna planar</i> .....	7
5.2.	<i>Gjeldande reguleringsplanar</i> .....	9
5.3.	<i>Tilgrensa planar</i> .....	9
5.4.	<i>Temaplanar</i> .....	9
6.	Skildring av planområdet, eksisterande forhold .....	10
6.1.	<i>Lokalisering</i> .....	10
6.2.	<i>Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk</i> .....	10
6.3.	<i>Staden sin karakter</i> .....	10
6.4.	<i>Landskap</i> .....	10
6.5.	<i>Kulturminne og kulturmiljø</i> .....	11
6.6.	<i>Naturverdiar</i> .....	11
6.7.	<i>Landbruk</i> .....	11
6.8.	<i>Trafikkforhold</i> .....	11
6.9.	<i>Barnas interesser</i> .....	11
6.10.	<i>Universell tilgjengelegheit</i> .....	11
6.11.	<i>Teknisk infrastruktur</i> .....	11
6.12.	<i>Grunnforhold</i> .....	12
6.13.	<i>Støyforhold</i> .....	12
6.14.	<i>Luftforureining</i> .....	12
6.15.	<i>Næring</i> .....	12
7.	Skildring av planforslaget .....	13
7.1.	<i>Planlagt arealbruk</i> .....	14
7.2.	<i>Bygningane sin plassering og utforming</i> .....	14
7.3.	<i>Tilknytning til infrastruktur</i> .....	15
7.4.	<i>Trafikkløysing</i> .....	15
7.5.	<i>Universell utforming</i> .....	15
7.6.	<i>Landbruksfaglege vurderingar</i> .....	15
7.7.	<i>Kollektivt tilbod</i> .....	15
7.8.	<i>Kulturminne</i> .....	16
7.9.	<i>Plan for vann- og avløp samt tilknytning til offentleg nett</i> .....	16
7.10.	<i>Plan for avfallshenting/ søppelsug</i> .....	16
8.	Verknad av planforslaget .....	17

## Planskildring – Kjevikdalen Næringsområde – 25.11.2016

---

8.1.	<i>Landskap, staden sin karakter</i> .....	17
8.2.	<i>Kulturminne og kulturmiljø, ev. verneverdi</i> .....	19
8.3.	<i>Forholdet til naturmangfald</i> .....	19
8.4.	<i>Trafikkforhold</i> .....	19
8.5.	<i>Barns interesser</i> .....	19
8.6.	<i>Universell tilgjengelegheit</i> .....	20
8.7.	<i>Energibehov – energiforbruk</i> .....	20
8.8.	<i>Teknisk infrastruktur</i> .....	20
8.9.	<i>Økonomiske konsekvensar for kommunen</i> .....	20
9.	<i>ROS-analyse</i> .....	21
9.1.	<i>Oppsummering ROS-analyse</i> .....	24
10.	<i>Konsekvensutgreing</i> .....	26
10.1.	<i>Utgreiingsprogram, utgreiingar og rapportar</i> .....	26
10.2.	<i>Skildring av verneverdiar og brukarinteresser</i> .....	26
10.3.	<i>Konsekvensar</i> .....	26
11.	<i>Merknader til planen</i> .....	28
11.1.	<i>KOMMUNAL HANDSAMING 1. gongs handsaming</i> .....	28
11.2.	<i>KOMMUNAL HANDSAMING 2. gongs handsaming</i> .....	28

## **3. BAKGRUNN**

### **3.1. Føremål med planen**

Etablere næringsområde ( næring og industri/lager) og idrettsanlegg for motorsport.

### **3.2. Forslagstillar, plankonsulent, eigarforhold**

- Forslagstillar: Rangvald Valle m.f.
- Plankonsulent: ADU as
- Eigarforhold: Ragnvald Valle har opsjonsavtalar med alle grunneigarar i området om rett til å overta når det ligg føre godkjent plan.

### **3.3. Tidlegare vedtak i saken**

Saken har vore oppe til 2. gongs handsaming i Lindås kommune. Den vart satt på vent i til godkjenning av ny kommuneplan. I den nye kommuneplanen er området definert til næringsføremål og er også utvida.

### **3.4. Utbyggingsavtaler**

Dersom det er aktuelt at kommunen skal overta kommunaltekniske anlegg for drift og vedlikehald, skal det lagast ein utbyggingsavtale mellom utbyggjar og kommunen.

### **3.5. Krav om konsekvensutgreiing**

I kommuneplanen er det utarbeid ein KU- av området.  
I tillegg er det semje om å lage ein forenkla KU.

## 4. PLANPROSESS

### 4.1. Medverknad i prosessen, varsel om oppstart, ev. planprogram

**VARSEL OM OPPSTART  
PRIVAT REGULERINGSPLAN**

Iht Plan og bygningslov ( pbl) § 27-1 og § 30 vert det med dette varsla om oppstart utarbeidelse privat reguleringsplan for:

**Kjevikdalen Næringsområde (v/NGIR) i Lindås kommune**  
Innanfor området som er på omlag 300 daa er det i hovudsak planlagt:

- Område for forretning/industri (kombinert bruk)
- Området for industri og lager (kombinert bruk)
- Anlegg for motorsport ( Gokart, trail m.v..)
- Skytebane (eksisterande anlegg)
- Felles veg
- Annen veggrunn

Naboer til området verta varsla direkte.

Informasjon om prosjektet får ein ved å ta kontakt med vårt kontor på telefon 56 168080.



**ADU INGENIØR ATLE D. UTKILLEN**  
TAKSERING - BYGNING, INNBO, NATURSKASSE, LÅNDRUK - TILSTANDSVURDERINGER MOTT  
PROSJEKTADMINISTRASJON ( PROSJEKTLEDELSE, PROSJEKTERINGSLEDELSE OG BYGGLEDELSE )  
PROSJEKTERING ( BYGGTEKNIKK, ANKTSERESKAP )  
Adr: Fonnes Senter, 5953 Fonnes - Tlf 56168080 - Heimeside: www.adu.no

Figur 2 - Annonse

Varsel om oppstart av planarbeidet vart varsla i avisa Norhordland (fulldistribusjon). Naboar er varsla direkte. I tillegg har me hatt møte med Seim skyttarlag og NGIR. Del av det aktuelle område har vore handsama i Plan- og miljøutvalet (sak 036/03 av 26.11.03) og i kommunestyret (sak 169/03 av 11.12.03).

#### Vedtaket i kommunestyret:

*"Kommunestyret i Lindås kommune ønskjer at arealet på gnr 176 bnr 3 i Kjevikdalen vert endra frå LNF føremål til område for næringsverksemd, eventuelt i kombinasjon med område for råstoffutvinning. I samsvar med plan- og bygningslova § 30, jamfør § 27-1, skal det setjast i gang arbeid med privat reguleringsframlegg"*


Saka har også under planprosessen i ettertid vore drøfta med teknisk etat i Lindås kommune v/Haukås. Me har vidare hatt møte med Hordaland Fylkeskommune Regional utvikling.

## 5. PLANSTATUS OG RAMMEVILKÅR

### 5.1. Overordna planar

*Kommuneplanens arealdel ev. kommunedelplanar*

1263-200515 – Kommuneplan 2011 – 2023. Området i kommuneplanen er satt av til framtidig næringsverksemd og idrettsanlegg. Eit av områda er eit eksisterande idrettsanlegg som blir brukt som skytebane. Kraftig svart strek viser plangrense til reguleringsplanen opp mot kommuneplan.



*Utklipp fra kommuneplanen og plangrense  
(kraftig svart strek)*

Det ligg inne følgjande føringar i kommuneplanen som har konsekvensar for reguleringsplanen:

## Næringsverksemd

- 2.23 Føremålet gjeld område sett av til næringsverksemd med tilhøyrande tekniske anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Føremålet omfattar ikkje forretningsverksemd. Jf. pbl § 11-7 nr. 1.
- 2.24 Massedeponi, massetak og jorddeponi skal inngå i ein reguleringsplan før dei kan etablerast. Heimel: Pbl § 11-9 nr.1.
- 2.25 I det tidlegare regulerede området innafor N3 på Eidsnes, skal det utarbeidast ny reguleringsplan før nye tiltak vert tillate. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.
- 2.26 I framtidige næringsområde skal det leggjast til rette for god intern gang- og sykkeltransport, med samband til busstopp o.l. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 3.
- 2.27 Tilstrekkeleg slokkevasskapasitet må vere etablert før næringsområda vert tekne i bruk. Heimel: Pbl § 11-9 nr 4.
- 2.28 Næringsbygg skal etablerast slik at dei gjev ein støyskjermende effekt mot tilgrensande busetnad. Verksemdar skal lokalisert slik at dei ivaretek grenseverdiane for støy i retningslinjer T-1442. Støysituasjonen og eventuelle avbøtande tiltak skal dokumenterast i samband med regulering eller ved søknad om tiltak. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6.
- 2.29 Verksemdar som handterer potensielt skadelege stoff for menneske og natur eller på annan måte kan representere ein risiko for omgjevnadane, skal lokalisert vekk frå grenseområda til etablert eller planlagde bustadområde eller anna følsam bruk. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6.
- 2.30 I næringsområda skal det setjast av areal til ein skjerm av vegetasjon mot område med landbruk, busetnad og innsyn frå turområde. Internt i næringsområda skal det også setjast av ein grønstruktur som viser noko av dei opphavlege terrengformasjonane. Grønstrukturen og skjerm mot andre arealføremål skal fastsetjast i reguleringsplan og vere minimum 5 prosent av tomtearealet. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 6 og nr. 8.
- 2.31 I framtidige næringsområde skal det i samband med reguleringplan vurderast å legge til rette for forsyning av vassbåren varme. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 8.
- 2.32 Det skal fastsetjast utbyggingsrekkefølge ved regulering av områda for å sikre ei god utnytting. Ved regulering av område N2, N3, N8 og N10 skal det gjerast ei kartlegging av naturmangfaldet som skal leggjast til grunn for utforminga av reguleringsplanen. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 8.

2.33 *Dei framtidige næringsområda bør prioriterast for lettare industri og næringsverksemd.*

## Idrettsanlegg

- 2.48 Føremålet gjeld byggeområde sett av til idrettsanlegg med tilhøyrande vegar, bygningar og anlegg, jf. pbl § 11-7 nr. 1.
- 2.49 Område I2 på Hopsdal er unnateke krav om reguleringsplan. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 1.
- 2.50 Ved utarbeiding av reguleringsplan for områda I3 og I4 skal det gjerast nærare undersøkingar av planen sine konsekvensar for auka støy for bustader, fritidsbustader og friluftsområde. Heimel: Pbl § 11-9 nr. 8



## 5.2. Gjeldande reguleringsplanar

Det er ingen gjeldande reguleringsplan i planområdet.

## 5.3. Tilgrensa planar

PlanID: 1263-201306 - Kjevikdalen Fyllplass.


## 5.4. Temaplanar

- Næringsplan
- Trafikksikring

Felles overordna mål og retningslinjer i dei ulike planane er vektlagt og teke omsyn til der ein meiner det er relevant for denne planen.

## 6. SKILDRING AV PLANOMRÅDET, EKSISTERANDE FORHOLD

### 6.1. Lokalisering



#### a) Lokalisering

Området grensar til Fv 57, til NGIR (Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjon) og til Seim skyttarlag si skytebane. Det er ingen bustadar i nærleiken og derfor eignar området seg godt til næring/industri/lager m.m. I tillegg til at ein allereie har ein næringsbedrift (NGIR) som ligg like ved. Vidare er det ein god plassering i forhold til heile Norhordland. Særleg motorsportområdet bør kunne vera eit hovudsenter for heile regionen. Nærleiken til NGIR gjer også at ein kan få utnytta fjernvarme frå avfallsanlegget. NGIR har opplyst at dei har god kapasitet og at dei er positive til slike løysningar.

#### b) Avgrensing og størrelse på planområdet

Området er på ca. 330 mål. Innan for kvart delområde kan areala delast etter ein samla plan, tilpassa dei enkelte verksemdene sine behov og med vekt på trygge trafikkale løysingar.

### 6.2. Dagens arealbruk og tilgrensande arealbruk

I dag er ikkje området rundt skytarbana i bruk. Området er kupert og dekket av skog og lyng.

### 6.3. Staden sin karakter

#### a) Eksisterande bygningar

Det er ingen spesiell struktur eller estetikk i området i planen. Seim skyttarlag si skytebane ligg på området med bygningar tilknytt til denne. NGIR ligg på andre sida av riksvegen som har eksisterande bygningar i nærleiken.

#### b) Trafikksikkerheit for myke trafikantar

Det er ikkje gangfelt eller fortau i området. Syklistar/gåande ferdes på same vis som bilar i trafikken her. I dag går det ein grusveg inn i til bla. skytarbana.

#### c) Kollektivtilbod

Busstilbod langs fv 57, bla. mot Bergen i sør og mot Austrheim over Lindås i nord.

### 6.4. Landskap



Figur 3 - Området ligg vest for veg 57

*a) Topografi og landskap*

Området er småkupert med langsgående høgdedrag og for det meste dekket av barskog.

*b) Solforhold*

Det er gode solforhold i området.

*c) Lokalklima*

Kystklima vestlandet.

### 6.5. Kulturminne og kulturmiljø

Ingen registreringer i databaser.

### 6.6. Naturverdiar

Det er ikkje registrert noko naturverdiar i området.

### 6.7. Landbruk

Det vert ikkje drive med landbruk i dette området eller området rundt det planlagt område.

### 6.8. Trafikkforhold

*a) Køyretilkomst*

Planområdet grenser til Fv 57 som har fartsgrensa 80 km/t. Det er ein avkjørsel frå Fv57. Denne går inn til eksisterande skytebane .

*b) Kollektivtilbod*

Busstilbod langs Fv 57.

### 6.9. Barnas interesser

Seim skyttarlag har også born blant medlemmane sine. Utover dette er det ikkje noko aktivitetar knytt til born i området.

### 6.10. Universell tilgjengelegheit

Området er kupert og ikkje universell tilgjenge.

### 6.11. Teknisk infrastruktur

Offentleg vatn ligg i langs riksvegen og det er enkelt å kopla seg til.

### **6.12. Grunnforhold**

Varierende grunnlendt jordlag (myr/matjord) over fjell, dels fjell i dagen.

### **6.13. Støyforhold**


Området som ligg nærmast vegen har støy frå Fv 57.  
Det er ein del støy frå skytarbana når det pågår skyting.

### **6.14. Luftforureining**

Lukt frå NGIR området kan skje.

### **6.15. Næring**

NGIR ligg på andre sida av vegen. Det er ikkje næringsverksemd i planområdet i dag.



Figur 4 – Reguleringsplan del av teikning nr 901

## 7. SKILDING AV PLANFORSLAGET

## 7.1. Planlagt arealbruk

### Reguleringsformål


Føresegner gjeld for området som er avgrensa med plangrenser på vedlagt kart, teikning nr 901. Areal innanfor planområdet skal brukast til følgjande føremål:

- Bygningar og anlegg (pbl §12-5, nr. 1)
  - Område for næringsbygg (N1, N2, N3 og N4)
  - Område for industri/lager (I/L)
  - Motorsport (MS)
  - Skytebane (SB1 og SB2)
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 12-5, nr. 2)
  - Offentleg veg (o\_V)
  - Privat veg (V)
  - Felles veg (f\_V2)
  - Annan veggrunn (areal for vegutviding, vegskråningar og skjeringar)
  - Annan veggrunn (teknisk anlegg)
  - Kollektiv haldeplass (K)
- Grønstruktur (pbl. § 12-5, nr. 3)
  - Vegetasjonsskjerm (K)

Sjekkliste fra veileder T - 1490						
Reguleringsformål, areal og utnytingsareal						
SOSI-kode	Formål	Delfelt/Tekst	Areal (m2)	Eks. bygninger (stk)	BYA %	BRA m2
<b>§ 12 -5, nr. 1, Bygg og Anlegg</b>						
1000			0,00			
1300	Næringsbebyggelse	N1	33936,90		35 %	
1300	Næringsbebyggelse	N2	33454,02		35 %	
1300	Næringsbebyggelse	N3	23727,04		35 %	
1300	Næringsbebyggelse	N4	2390,56		35 %	
1460	Motorsportanlegg	MS	87531,67			
1470	Skytebane	SB1	3870,08	1		
1470	Skytebane	SB1	29456,79	2		
1826	Induetri/lager	I/L	65786,35		35 %	
<b>SUM (for alle delfelt)</b>			<b>280153,40</b>	<b>3</b>		
<b>§ 12 -5, nr. 2, Samferdsel og teknisk infrastruktur</b>						
2000						
2010	Veg	o_V	10473,21			
2010	Veg	f_V1	1955,09			
2010	Veg	f_V2	4942,55			
2010	Veg	V	830,66			
2018/2019	Annen veggrunn		24618,54			
2073	Kollektivholdeplass	K	161,03			
<b>SUM (for alle delfelt)</b>			<b>42981,08</b>			
<b>§ 12 -5, nr. 3, Grønnstruktur</b>						
3000			0,00			
3060	Vegetasjonsskjerm	VS1	6861,34			
3060	Vegetasjonsskjerm	VS2	657,51			
3060	Vegetasjonsskjerm	VS3	1995,69			
<b>SUM (for alle delfelt)</b>			<b>9514,55</b>			
<b>Sum total areal</b>			<b>332649,03</b>			


## 7.2. Bygningane sin plassering og utforming

I føresegna er dei enkelte næringsområda beskrive og det er definert både føremål og krav til storleik på bygningar.



### 7.3. Tilknytning til infrastruktur

Statens Vegvesen har vore på staden og komme med forslag til plassering av ny avkjørsel inn i området. Når ny avkjørsel er etablert, skal den eksisterande avkjørsel til skytarbana stengjast. Alle som har vegrettar i dag, vil få tilkomst via ny avkjørsel.



### 7.4. Trafikkløysing

#### 6.6.1. Køyre tilkomst

Felles avkjørsel skal utformast som samleveg i næringsområdet etter statens vegvesen si handbok 100. Internvegar inne i delområda er ikkje vist då dei er forutsett planlagd i samband med utforming av dei enkelte områda, og skal leverast saman med byggjesøknad.

#### 6.6.2. Utforming av vegar

f\_V1 har ein bredde på 7 m + 2 m annan veggrunn på begge sider av vegen. Den har lite og ingen stigning dei første 500 meterane. Dei neste 600 meterane er det stigning på ca 2 – 6%.

Det kan byggjast fortau langs vegen.

### 7.5. Universell utforming

I planen er det lagt til grunn at alle uteområda, så langt som mogeleg, skal ha universell utforming. Alle næringsbygg skal ha tilfredstillande tilgjenge til alle hovudfunksjonar.

### 7.6. Landbruksfaglege vurderingar

Vurdert som ikkje aktuelt i denne planen.

### 7.7. Kollektivt tilbod

Ingen endring. Kollektiv tilbodet er og blir lange Fv57. Busstopp ligg nær innkjørselen til næringsområdet.

### 7.8. Kulturminne

Det ikkje er funne kulturminne i planområde.

### 7.9. Plan for vann- og avløp samt tilknytning til offentleg nett

Offentleg vatn ligg langs fylkesvegen. Det er enkelt å kople seg til. Endeleg plassering av punkt for tilkopling, trace mv kjem som del av teknisk plan. Tilsvarande for avløpsanlegg.

### 7.10. Plan for avfallshenting/ søppelsug


Lokalisering av hentepunkt for avfall i planområde er ikkje avklart. Ved bygging av hentepunkt, må følgjande krav vera oppfylt, ref NGIR:

- Vegen er godkjent og klar for offentleg trafikk. Ved privat veg må det ligge føre godkjenning av bruksrett for renovasjonsbilane.
- Det skal være råd å snu køyretøy på inntil 12 m i henhold til offentlige krav.
- Dunkane /containarane skal stå plant enten på asfalt eller betong.
- Ved stål containar må det være minst 15 m klaring framfor, 1 m klaring til kvar side og bak containaren.




## 8. VERKNAD AV PLANFORSLAGET

### 8.1. Landskap, staden sin karakter



Dei aktuelle næringsområda vert planert. I prinsipp fjernar ein fjellryggar og fyller opp søkk. Ei god løysing som fører til få synlege skjeringar i



terrenget. Der det blir skjeringar, er det stilt krav til avtrappingar.



Figur - Illustrasjon av N1 og N2.

Områda VS1, VS2 og VS3 er avsett for grønstruktur (vegetasjonsskjerm) og skil mellom dei ulike delane av området, i tillegg til å skjerme skytebanar som allereie ligg her.

Figur - Utsnitt vegetasjonsskjerm

Området ligg i tilknytning til NGIR – næringsområde for renovasjon og uttak av stein. Det nye området framstår som ein naturleg utviding av næringsområdet. Området ligg lavt i terrenget og er ikkje synleg i horisontkontur frå noko side. Det er berre langs Fv57 ein vil sjå forskjellen. Ein får eit ope fint næringsområde.



Ved etablering av næringsaktivitet vil det bli nye arbeidsplassar og aktivitet knytt til kva som kjem.

Får ein til å etablere eit motorsportsanlegg ( har storleik til å tilfredsstille nasjonale krav), vil sjølv sagt dette også sette sitt preg på området. Det er ei lita gruppe som jobbar med å få på plass "Kjevikdalen motorsportsbane". Dei har vore i dialog me NMF og NBF som har vist svært positiv interesse for prosjektet. Når planen er godkjent, vil ein starte arbeidet med å planlegge eit multianlegg. Her vil ein få hjelp av profesjonelle banekonsulentar som har utforma mange av dei store banene i Noreg ( basert på info frå gruppa)

*Figur - Rudskogen – Under døme Multianlegg*



### **8.2. Kulturminne og kulturmiljø, ev. verneverdi**

Det er ikkje funne kulturminne i området. I føresegn er det likevel stilt krav om at ved eventuelle funn skal dette varslast til fylkeskonservator.

### **8.3. Forholdet til naturmangfald**

Vi har sjekka i natur- og artsdatabasen utan å finne registreringar av artar eller naturtypar på raud liste, eller artar som er trua i det aktuelle området. I tillegg har vi hatt biolog inne til å vurdere området. Kommunen har sjølv også vurdert området i samband med kommuneplanen. I detaljplanlegginga er det heller ikkje kome fram tilhøve som gjer at vi meiner ytterlegare vurdering er aktuelt.

### **8.4. Trafikkforhold**

Utbygging av området vil føre til meir trafikk inn og ut av området. Den nye avkjørsla er plassert etter avklaring med Statens Vegvesen. Det er vektlagt at det skal vera gode og oversiktlege vegar i planområdet.

### **8.5. Barns interesser**

Alt i dag har skyttarlaget tilbod til born. Får ein etablert eit motorsportssenter, opnar dette for mange fine tilbod til born og unge.

Motorsporstanlegg vil gje eit nytt og godt tilbod til born og unge bl.a gocart og motorcross



### 8.6. Universell tilgjengelegheit

Det er eit krav at området så langt som mogeleg skal fylle krava i retningslinjene.

### 8.7. Energibehov – energiforbruk

Kva energibehov som er aktuelt i området er avhengig av kva næring som vert etablert. NGIR har opplyst at dei kan levere fjernvarme. utfordringa er at det må vera eit volum for at dette skal lønna seg.

### 8.8. Teknisk infrastruktur

Det er stilt krav om at overordna teknisk plan skal vera godkjent av kommunen før ein kan søkja om byggjeløyve innanfor delområda.



### 8.9. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Planforslaget medfører ikkje noko økonomiske konsekvensar for kommunen. Det positive er at det på sikt skapar nye arbeidsplasser og inntekter for kommunen.

## 9. ROS-ANALYSE

Plan- og bygningslova krev at det i planarbeidet skal utførast risiko og sårbarheitsanalyse (ROS) for planområdet. Føremålet er å finne ut om det er eksisterande risiko og sårbarheitstilhøve som har betydning for planlegginga og om planen fører til at det oppstår nye.

Vi har utført ROS-vurdering i samsvar med krav.

9.14 ROS-ANALYSE

Risikomatriser og akseptkriteria for ROS-analysar som gjeld arealbruk  
Vedteke av kommunestyret 14.4.2011

RISIKOMATRISJE – arealbruk (LIV OG HELSE)						
S A N N S Y N	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
S						
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

RISIKOMATRISJE – arealbruk (MILJØ)						
S A N N S Y N	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
S						
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

RISIKOMATRISJE – arealbruk (ØKONOMI)						
S A N N S Y N	S5					
	S4					
	S3					
	S2					
	S1					
S						
		K1	K2	K3	K4	K5
		KONSEKVENS				

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar
K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter kort tid
K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K5 – svært alvorleg	Varig, alvorleg skade på miljøet

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000

Naturbasert sårbarhet					
Nr	Uønsket hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær WWW.net.no					
1	Sterk vind			S4XK1	Planområdet kan vere sårbar for sterk vind frå uheldig retning. Ved bygging i samsvar med krav i §pbl, har dette liten
2	Store nedbørmengder			S3XK1	Store nedbørmengder kan forekomme, men vil i liten grad få konsekvensar i planområdet.
3	Store snømengder				Store snømengder er sjelden noko problem.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flaum i elvar / bekkar				Har ikkje vært noko problem i området.
6	Flaum i vassdrag /				Ikkje aktuelt
7	Overvasshandtering				Overvatn skal handterast lokalt med drenering.
8	Springflod / storm				Ikkje aktuelt
9	Historisk flomnivå				Ikkje aktuelt
10	Anna				
Skredfare www.skrednett.no					
11	Kvikkleireskred				Ingen kjent risiko
12	Lausmasseskred				Ingen kjendt risiko.
13	Is- og snøskred				Ingen kjent risiko
14	Steinras, steinsprang				Ingen kjent risiko
15	Historiske hendingar				Ingen kjent risiko
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no					
17	Setningar				Ingen kjent risiko
18	Utgildingar				Ingen kjent risiko
18	Radon	S1 X K2			Ikkje kjent at området er utsatt for radon. Blir vurdert ved byggjeksøknad.
20	Anna				
Plante og dyreliv www.dirmat.no					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbasen
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbasen
23	Fuglar				Ingen sårbare artar registrert i naturbasen
24	Anna				
Kulturområde www.kulturminnesok.no					
25	Freda kulturminne				Ingen kjendte kulturminner.
26	Sefrag-bygg				Ikkje aktuelt
Brann / eksplosjon					
27	Brannfare	S2xK2	S2xK2	S2xK3	I planområdet vil det koma bygg som kan brenne. I tillegg kan det oppstå skogbrann i området. Basert på at det berre kjem nye bygg, har vi lagt til grunn at dei vert bygd i samsvar med tekniske krav.
28	Eksplosjonsfare				Kan først bli vurdert når ein veit kva tiltak som kjem i området.

Nr	Uønsket hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
29	Anna				
<b>Energitransport</b>					
30	Høgspent				Det går høgspent langs vegen på utsida av planområdet .
31	Lågspent				
32	Gass				
33	Anna				
<b>Forureina vatn</b>					
34	Drikkevasskjelde				I utgangspunktet blir alle randsoner avslutta med sikring mot avrenning. Avsig frå næringsområde er mot vest. Dvs liten risiko mot Storavatnet.
35	Sjø, badevatn, fiskevatn,				Ingen kjendt risiko.
36	Nedbørsfelt				Ingen kjendt risiko.
37	Grunnvassnivå				Ingen kjendt risiko.
38	Anna				
<b>Forureining - grunn</b>					
39	Kjemikalieutslepp				Kan først bli vurdert når ein veit kva tiltak som kjem i området.
40	Anna				
<b>Forureining - luft</b>					
41	Støy / partiklar / røyk				Det kan forekomme støy fra Fv57 og fra avfallsanlegget som ligg på andre sida av vegen. NGIR har plan for å redusere frå sine anlegg.
42	Støy				I planområde kan det vera støy fra motorsportsanlegget. Og fra transport inne i næringsområdet. Det er foretatt søymålingsvurdering.
43	Lukt				Kan komme lukt fra avfallsanlegget like ved. Ingen kjent risiko. NGIR har opplyst at luktproblem blir løst.
44	Anna				
<b>Friluftsliv og tilgjenge til sjø <a href="http://www.hordaland.no">http://www.hordaland.no</a></b>					
45	Fri ferdsel langs sjø				Ikkje aktuelt
46	Friluftsliv				Lite eller ikkje brukt område. Tiltaket opnar for meir bruk.
47	Anna				
<b>Sårbarhet knytt til infrastruktur</b>					
Nr	Uønsket hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
<b>Trafikkfare <a href="http://www.vegvesen.no">http://www.vegvesen.no</a></b>					
48	Trafikkulykker på veg				Det er risiko for ulykker langs Fv57 kan .
49	Anna				
<b>Forureining</b>					
50	Støv / partiklar				Sjå punkt 41

Nr	Uønsket hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
51	Støy				Delar av planområdet kan være utsatt for støy fra Fv57. Det kan setjast inn støydempende vindu i fasader vendt måt Fv57, bla. i kontorbygg.
52	Lukt				Ingen kjente ulykker
53	Utslepp / kjemikalier				Ingen kjente ulykker
54	Anna				
Ulykker på nærliggjande vegar / transportåre <a href="http://www.vegvesen.no">http://www.vegvesen.no</a>					
55	Veg				Det har skjedd trafikkulykker på Fv57 i Kjevikdalen, der personar har vorte kritisk skada.
56	Sjø				Ikkje aktuelt
57	Luft				Ikkje aktuelt
58	Anna				

### 9.1. Oppsummering ROS-analyse

Avdekka risiko – Det er kun pkt 27 Brannfare og økonomi som er kome i risiko GUL. Det er derfor viktig at nye bygg vert vurdert brannteknisk ( brannkonsept). I tillegg bør det vera ei god sikringsone mot skogen.



**Risikomatriser - oppsummering**

<b>Raud</b>	Medfører uakseptabel risiko. Her skal risikoreduserande tiltak gjennomførast. Alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
<b>Gul</b>	ALARP-sone, dvs. tiltak skal gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som mogleg. (ALARP= As Low As Reasonable Practicable). Det vil være naturleg å legge ei kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av
<b>Grønn</b>	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterligare risikoreduserande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut fra økonomiske og partiske vurderingar.

RISIKOMATRISJE - arealbruk (LIV OG HELSE)						
<b>SANSYN</b>	S5					
	S4					
	S3					
	S2	27				
	S1	18				
		K1	K2	K3	K4	K5

RISIKOMATRISJE - arealbruk (MILJØ)						
<b>SANSYN</b>	S5					
	S4					
	S3					
	S2	27				
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5

RISIKOMATRISJE - arealbruk (ØKONOMI)						
<b>SANSYN</b>	S5					
	S4	1				
	S3	2				
	S2			27		
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K5

## 10. KONSEKVENSGREING

Utklipp frå vurderinga.

### 10.1. Utgreiingsprogram, utgreiingar og rapportar

Følgjande tema er vektlagt i vurderinga:

- Verneverdiar - geologi, landskap, planteliv, dyreliv, kulturminne
- Friluftsliv og naturopplevingar
- Landbruk -beiteareal
- Eksisterande aktivitetar i område
  - NGIR
  - Seim skyttarlag
- Nordhordland regionen

#### b) *Alternativ i konsekvensutgreiinga*

Alternativ 1. Ingen utbygging

Alternativ 2. Utbygd i samsvar med framlagt reguleringsplan

### 10.2. Skildring av verneverdiar og brukarinteresser

Geologi og landskap er typisk for området. Det er ikkje avdekt at landskapet har særleg trekk.

Planteliv – Typisk område med lauv- og barskog. Ingen opplysningar om spesielle plantar. Biolog har vore og sett på området.

#### Dyreliv

I dette og tilstøytande område er det ein del hjort. Tilsvarande som i resten av nordhordland.

#### Kulturminne og kulturhistorie

Det føreligg ingen opplysningar om at det er kulturminner i området. Basert på terreng og lokalisering er det lite truleg at ein finn noko i området. Eventuelle funn er sikra i føresegn.

#### Friluftsliv, naturopplevingar, jakt og fiske

Området er i dag lite eller ikkje brukt. Dette har samanheng med at deler av område er tatt i bruk som avfallsplass i tillegg til at Seim skyttarlag har skytebane i område.

Landbruk Heile området er utmark i hovudsak med skog. Grunneigarane har avtale om tilkomst til området.

### 10.3. Konsekvensar

(Her vert berre tatt med vurdering av konsekvensane)

	<b>Ingen utbygging</b>	<b>Utbygging i samsvar med plan</b>
<b>Geologi, landskap</b>	Terreng blir som i dag. Det er ein del skjeringar mot hovudveg som blir ståande.	Ein del høgderyggar vert fjerna. Når disse er planert, vert tilstøytande høgderyggar synleg – dvs at ein vil få lite eller ingen synlege skjeringar. Mot hovudveg vert skjeringar fjerna.
Konsekvensgruppe	0	(-) / 0

## Planskildring – Kjevikdalen Næringsområde – 25.11.2016

	Ingen utbygging	Utbygging i samsvar med plan
<b>Planteliv</b>	Forvaltning som LNFområde kan sikre plantelivet godt,	I planert område vil eksisterande planteliv verta fjerna. Basert på at det ikkje er spesielle plantar i området er konsekvens vurdert som liten
Konsekvensgruppe	0	(-)
<b>Hjort</b>	Grunneigarar har gjort merksam på at det tidlegare var gode hjortestiar i området. Dette er no borte pga at ein alt har etablert aktivitet i området	Utbygging medfører i prinsipp ingen endring av dagens situasjon.
Konsekvensgruppe	0	0
<b>Anna dyreliv</b>	Normalt dyreliv i urørt område.	Dyreliv vil bli borte i område
Konsekvensgruppe	0	--
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	Det er pr d.d. ikkje opplyst at det er kulturminne i område	Basert på at det ikkje er kulturminne, har det ingen konsekvens at ein byggjer ut område.
Konsekvensgruppe	0	0
<b>Friluftsliv</b>	Det er tilnærma ingen bruk av område til friluftaktivitet pga at område er tatt i bruk til avfallsplass og skytebane.	Ingen konsekvens.
Konsekvensgruppe	0	0
<b>Tilrettelegging for friluftsliv</b>	Ikkje egna slik det no ligg føre.	Auka tilrettelegging i tilknytning til sporsaktivitetar kan gje fleire besøkande. Dette kan vera aktuelt ved etablering av motorsport og trial.
Konsekvensgruppe	0	+
<b>Jakt og fiske</b>	Ikkje aktuelt pga at området alt er tatt i bruk	Ingen endring av situasjonen
Konsekvensgruppe	0	0
<b>Landbruk, beitebruk og skogbruk</b>	Ingen konsekvensar	Område vert i dag lite brukt til beiteland. Grunneigar har same retten til å henta ut skog også etter utbygging. Planen medfører berre konsekvens for grunneieren som står som tiltakshavar i saka.
Konsekvensgruppe	0	(-)
<b>Eksisterande aktivitet Seim skyttarlag</b>	Ingen endring	Området vil framstå meir åpent. Det vil koma inn aktivitetar som tiltrekke seg folk. Dette kan vera både positivt og negativt. Negativt i form av at ein kan vera meir utsett for innbrudd og risiko for konflikt med naboar under skyting. Det er også viktig at ein er merksam på at skytebana vil forårsaka støy – noko som ofte medfører konflikt mot nabo. I planen er dette forsøkt ivaretatt ved at ein har tatt vare på del av nærmaste høgderogg som buffer. Positivt i form av at laget kan få fleire brukarar og tilrettelagt utendørs skyteplassar.
Konsekvensgruppe	0	---/+
<b>Eksisterande aktivitet NGIR</b>	Ingen endring	Dersom den rette aktiviteten kjem på industriområda, kan NGIR selje fjernvarme til bygningsmassen.
Konsekvensgruppe	0	+
<b>Norhordland - region</b>	Ingen konsekvens	Dei planlagte tiltaka vil ha positive verknader for heile regionen. Området ligg sentralt til. Det åpnar for å bygge både næringsaktivitet og sporsaktivitetar. Særleg sporsaktivitetane har ein gunstig plassering. Terrenget er godt egna, område har god avstand frå bebyggelse og skapar derfor ikkje konflikt – særleg vedrørende støy. Det ligg i tillegg skjerma til i forhold til hovudvegen ( ikkje synlegg frå vegen)
Konsekvensgruppe	0	+++++

## 11. MERKNADER TIL PLANEN

### 11.1. KOMMUNAL HANDSAMING 1. gongs handsaming

Planforslaget var handsama i Plan- og miljøutvalet 30.08.2006:

Rådmannen gjev slik framlegg til vedtak:

*I samvar med krava i plan- og bygningslova §27-1 nr 2 vert framlegg til reguleringsplan for Kjevikdalen Næringsområde- del av 175/1 og 176/1,2,3,4,6 og 26 lagt ut til offentleg ettersyn.*

Handsaming i Plan- og miljøutvalet 30.08.2006

*Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.*

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 30.08.2006

*I samvar med krava i plan- og bygningslova §27-1 nr 2 vert framlegg til reguleringsplan for Kjevikdalen Næringsområde- del av 175/1 og 176/1,2,3,4,6 og 26 lagt ut til offentleg ettersyn.*

### 11.2. KOMMUNAL HANDSAMING 2. gongs handsaming

Forhold som er vurdert/justert i vedlagt revidert plan etter 2.gongs handsaming er i hovudsak

- Kart
  - formelle feil i kart og referanse er retta
  - formål er delvis endra og justert i omfang
  - tilkomstveg er justert i samsvar med avklaring med Statens Vegvesen og NGIR.
- Tekstdel
  - Tekstdel er justert tilsvarende
  - I tekstdel er det også tatt med eige punkt som omfattar krav om utarbeiding av detaljplan for motorsportssenter som bl.a. skal inkludere støysonekart for motorsportsanlegg og skytebane. For skytebane vert tidlegare støymålingar lagt til grunn.

Kommentarar til mottatte merknader i saka ved 2. gongs handsaming:

<b>MERKNAD TIL BREV FRÅ FYLKESMANNEN (NB! Før ny kommuneplan)</b>		
<b>Pkt</b>	<b>Grunnlag kommentar (stikkord)</b>	<b>Våre merknader</b>
1	Kritisk til at reguleringsplansføremålet i hovudsak er i strid med gitt arealstatus i kommuneplan. Bør vurderast i kommuneplanprosessar.	Det er frå vår side vektlagt at det er viktig å få iverksatt både motorsportsanlegg og tilrettelegging for nytt næringsområde i kommunen. Signala frå politikarar er også at ein meiner at saka bør ha så høg prioritet at den bør vurderast uavhengig av kommuneplanprosessar.
2	Ikkje utarbeid risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med reguleringsareidet. Utarbeid enkel konsekvensvurdering Fylkesmanne etterlyser: vurdering av luktproblem fra NGIR Støy bør utgreiast (tiltross for at området allereie i dag er støyutsett).	Som opplyst tidlegare ligg området "avsidet" og skjerma til.  <u>Lukt frå NGIR</u> er ikkje medtatt i den forenkla konsekvensvurderinga basert på opplysningar frå NGIR om at det ikkje vil vera luktproblem frå anlegget innan 2 -3 år.  Støy – sjå neste punkt.  Frå vår side meiner me fortsatt at den forenkla konsekvensvurderinga ivaretar vurdering av området.

## Planskildring – Kjevikdalen Næringsområde – 25.11.2016

3	Støyføresegner og støysoner – skal vera utarbeida.	<p>Det er tidlegare utarbeid støysonevurdering av skytebane – ref Seim skyttarlag.</p> <p>For område som er avsett til motorsportsanlegg i planen er det no i føresegner stilt krav om at det skal utarbeidast detaljplan som bl.a. skal innehalde eige støysonekart med føresegn. I arbeidet vil ein nytte firma med kompetanse innan støyvurderingar. Gjeldande retningslinjer vil verta lagt til grunn.</p> <p>Årsaka til at ein ikkje har utført støyvurderingar så langt, kjem av at det ikkje er endeleg avklart utforming og omfang av motorsportsanlegget.</p> <p>Det ein i prinsipp må ta stilling til er om det kan etablerast motorsportsanlegg i det aktuelle området.</p>
4	Areal for LNF – langs riksvegen	Området er i revidert plan endra til Kombinert formål KF 3.
5	Føresegnene og plankartet må konkretiserast	<p>Plankart er retta opp i samsvar med formål. Det er gjort ein del tilpassingar av områder, vegar og parkbelter mellom disse. Her vert gjort merksom på at årsaka til at det er lagt inn eit næringsområde KF-4 og ikkje parkbelte, kjem av at dette er eit høgdedrag slik at parkbelte i skråninga framfor ikkje vil ha nokon effekt slik vi vurderer forholda.</p> <p>Tilkomstveg / avkøyrse er retta opp og juster etter gjennomgang med Statens Vegvesen.</p>
6	Gjeldande kommuneplan syner lite areal.....	<p>Dette er forhold som må vurderast av kommunen.</p> <p>Vår erfaring er at det er stor mangel på næringsområde som ligg langs hovedveg og som ikkje er i konflikt med bustadområder i kommunen.</p> <p>At ein for dette område kan nytte seg av fjernvarme bør vektleggast.</p>
7	Friluftsområde om lag 500 meter aust for planområdet. Konsekvensane som kan oppstå i høve til avrenning til- og friluftslivsbruk av vassdraget er ikkje vurdert.	<p>Avrenning er vurdert. Ein kan ikkje så bort frå at ein kan få noko avrenning under anleggsarbeid. Etter at anlegga er ferdig bygd er det vanskeleg å sjå at det skal oppstå avrenning som medfører konflikt.</p> <p>Risiko for at ein kan høyre motorlyd er tilstades men vår vurdering er at dette bør vera vesentleg mindre sjenerande i eit slik område en i andre anlegg som ligg nært opp til bustadområde. Om det er naudsynt å stille krav vedr tidsbruk, støybegrensing og liknande vert ein del av detaljplanlegginga av motorsportsanlegget.</p>

### ***Merknad frå Hordaland Fylkeskommune***

Planen som no ligg føre er i hovudsak innanfor dei merknadar / krav som er kome i brev frå Hordaland Fylkeskommune.

### ***Merknad frå Seim skyttarlag***

Reguleringsplanen er ikkje til hinder for at bruken av skytebana kan halda fram som før. Her vert gjort merksom på at tiltakshavar i tillegg har opna for at skyttarlaget kan nytte deler av parkbelte som del av standplasser ved feltskyting.

Dei andre punkta er i hovudsak privatrettslege og vert tatt opp med Seim skyttarlag direkte.

### ***Statens Vegvesen***

Her har me hatt avklaringar og vegavkjørsel er justert i samsvar med dette.

### ***Odd Vabø***

Steinbru. Denne vert vurdert. Dersom den har verneverdig verdi, vil ein ta omsyn til dette i vidare planlegging.

